

## Merknadsskjema – planoppstart

<b>Plannamn</b>	Planendring, Skipavika Næringspark
<b>Arealplan-ID</b>	4635-2023002
<b>Saksnummer</b>	23/6191
<b>Utarbeida av</b>	Tippetue Arkitekter AS
<b>Sist revidert</b>	24.11.23

Nr.	Avsendar	Hovudpunkt i merknad/uttale	Forslagsstiller sin kommentar
1	Gripsgård og Elvebakke, gnr. 79 bnr. 2, 4. 27.08.2023	Merknadsstiller er uroa for risikonivå med tanke på gassutslepp og eksplosjon, og at planlagt tiltak vil øydelegge merknadsstiller sitt livsgrunnlag med jordbruk, bu og oppvekstvilkår.	I samband med planarbeidet skal det utarbeidast både ei risiko- og sårbarheitsanalyse og ei konsekvensvurdering, som saman vil gje eit heilskapleg bilde av risiko og farenivå. Ammoniakkantlegget vil ikkje bli etablert dersom risikonivået for 3. person vert vurdert som ukurant. I tillegg har Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap eigne prosessar for godkjenning av eit slikt anlegg, også med fokus på sikkerheit og beredskap.
2	Osland A. g/bnr. 79/33. 27.08.2023	<p>a) Merknadsstiller syner til at eigedomen vil ligge i inste faresone, som vil medføre strenge restriksjonar på bruk. Foreslår å flytte anlegget lenger nord slik at eigedomen kan disponerast etter eige ynskje, i framtida og ber om garanti for dette. anen må garantere at eigedomen kan disponerast slik heimelshavar ynskjer, utan restriksjonar.</p> <p>b) Ynskjer at bnr. 33 skal ha LNF-formål, eller eventuelt kombinert LNF/næring og ikkje deponi. Massar frå anleggsdrifta på bnr. 33 må planerast ut og ryddast slik at eigedomen kan tas i bruk til landbruksføremål jf. privat avtale. Viser til at det manglar gjerde mot aust etter opphavleg grense.</p> <p>c) Tilkomst til småbåthamna i Skipavika må sikrast.</p> <p>d) Oppmodar om at folkemøte.</p> <p>e) Bekymra for lekkasjar, for støy (pga. kompressorstasjonar) og nedfall frå stoff som kan påverke drikkevasskjelda til Sandebygda. Brannvernet må oppgraderast og sikrast. Etterlyser meir informasjon om kva for vesentlege verknader for miljø og samfunn det er snakk om. Korleis er fakkeltåret på 60 meter i forhånd til platformer ect? Vert den synleg for fastbuande på Sande?</p>	<p>a) Innspelet vert tatt med i det vidare arbeidet. Avgrensing av dei ulike omsynssonene / faresonene er til vurdering/ utredning og per no ikkje kjent. Ammoniakkantlegget er foreslått plassert på aktuell del av næringsområdet med bakgrunn i omsyn som gjeld intern logistikk inkludert hammetilgang.</p> <p>b) Innspelet vert tatt med i det vidare planarbeidet, og vil konkretiserast når det føreligg ei avklaring rundt omsynsonene.</p> <p>c) Tilkomst til småbåthamna vert sikra og ivaretatt.</p> <p>d) Informasjonsmøte gjennomført 14.09.2023. Det vil bli gjennomført fleire informasjonsmøte / folkemøte seinare i utrednings- og planprosessen.</p> <p>e) Risiko i samband med lekkasjar, ureining (nedfall av stoff), støy mm skal utgreiaast som del av det vidare planarbeidet i samband med ROS-analyse og konsekvensutgreiing samt også som del av prosessen opp mot Direktoratet for sikkerheit og beredskap. Det same gjeld for vesentlege verknadar for miljø og samfunn. Fakkeltåret er lågare enn riggane som ligg der i dag. Planarbeidet vil dokumentere visuell konsekvens frå Sande, til dømes.</p>

		f) Planprogrammet må supplerast med at det finns aure i Kudalsvatnet / Storevatnet.	f) Planprogrammet er oppdatert med info om aure.
3	Osland og Berg 27.08.2023	<p>Sterkt kritisk til planlagt verksemeld i Skipavika med tanke på at dette er et høgrisikoanlegg så nære bebyggelse. Stiller spørsmål til om beredskapen er god nok ved en eventuell ulykke.</p> <p>Viser til at planlagt tiltak vil forringe livskvaliteten til innbyggjarane i nærheten og skade omgjevnadane / naturen i området, i tillegg til eksisterande verksemder. Stiller spørsmål til om det er meininga at det ikkje skal bu folk på Sande eller i området.</p>	Risiko, beredskap og sikkerheit er sentrale og vesentlege tema, som vil bli belyst i den vidare prosessen gjennom ROS-analyse og konsekvensutredningar. Nemnte analyser vil også belyse konsekvensar for omliggande naturområde og for livskvaliteten til naboar og Sandebygda.
4	Fagerbakke Bjørn Gnr. 79 bnr. 1, 11 27.08.2023	<p>Merknadsstiller har dyr på beite i deler av varsle planområde, og er negativ til planer som råkar privat eigedom då det hemmar nye generasjonar i å utvikle eigendomen og i å etablere seg på Sande. Er ikkje interessert i at eigendomen skal få restriksjonar på bruk, heller ikkje som vegetasjonsskjerm.</p> <p>Er bekymra for barn og elles trafikk som skal gå igjennom området, og for at tiltaket skal medføre fråflytting.</p> <p>Viser til at ein bør sjå etter annan lokasjon, langt frå folk.</p> <p>Viser til at det er masse bråk og spetakkel frå Skipavik, og at det snart ikkje går ann å bu her lengre.</p>	<p>Berekning av faresonene er eit arbeid som er i prosess, og som mest sannsynleg vil føreligge i løpet av hausten 2023. Det er derfor ikkje avklart om aktuelle eigedomar vert råka av faresoner og / eller restriksjonar.</p> <p>Risiko for barn og elles trafikk er vurderingstema som inngår i det vidare planarbeidet.</p> <p>Når det gjeld alternativ lokasjon langt frå folk så vil dette mest sannsynleg kunne medføre større terrenginngrep i naturområde og i strandsona, som jf. arealpolitiske mål er ukurant. Fortrinnet i Skipavika er blant anna at næringsområdet / arealinngrepet er avklart gjennom tidlegare regulering.</p> <p>Det er forventa at støyenivået vil endre seg når næringsarealet går inn i ein driftsfase. Støy er uavhengig eit utgreiings- og vurderingstema i planarbeidet, som blant anna skal belysast i risiko- og sårbarheitsanalysen.</p>
5	Fagerbakke Brage gnr. 79 bnr. 49 27.08.2023	<p>a) Merknadsstiller er i mot at det skal byggast eit høgeksplosivt ammoniakk-anlegg som nærmaste nabo i Skipavika næringspark. Meiner at informasjonen til naboane er därleg og for lite detaljert med omsyn til kva for konsekvensar anlegget vil ha for framtida til folk. Meiner at tiltaket vil øydelegge interessa for Sande som bustadområde samt det nye bustadfeltet.</p> <p>b) Stiller spørsmål til om det vert trygt å ferdast på vegen og om det her vil være «trygg skuleveg.»</p> <p>c) Viser til at ein større del av eigendomen er i fareområdet rundt anlegget, som vil gje restriksjonar på all arealbruk frå matproduksjon til overnatting. Viser vidare til at tiltaket vil utgjere stor fare for drikkevasskjelda til Sande samt også Ånneland si vasskjelde samtidig at det er nok luftreining med Sløvåg og Mongstad. Merknadsstiller er kritisk til utviding av planområdet i nord, og til inhabilitet i kommunen.</p> <p>d) Viser til at det er gjort ulovlege inngrep i naturen, og at gjennomført tiltak ikkje er utført etter reguleringssplanen samtidig at det ikkje er helt ord rundt private avtalar. Viser til at det er mykje støy i Skipavika Næringspark per i dag, også på natt.</p>	<p>a) Planarbeidet er i tidleg fase og det føreligg derfor ikkje mykje konkret informasjon. Det er gjennomført eit informasjonsmøte og det vil gjennomførast fleire når utgreiingsarbeidet er kome lenger.</p> <p>b) Risiko, beredskap og sikkerheit er sentrale og vesentlege tema, som vil bli belyst i den vidare prosessen gjennom ROS-analyse og konsekvensutredningar. Tema som gjeld skuleveg inngår i dette.</p> <p>c) Berekning av faresonene er eit arbeid som er i prosess, og som mest sannsynleg vil føreligge i løpet av hausten 2023. Det er derfor ikkje avklart om aktuelle eigedomar vert råka av faresone og / eller restriksjonar. Sikkerheit for 3. person (born, naboar, trafikantar) er tema som vert vurdert i det vidare planarbeidet og som vil inngå i risiko- og sårbarheitsanalysen.</p> <p>d) Privatretslege avtalar er ikkje omfatta av planarbeidet. Planendringa vil fokusere på dei behov som er for industriområdet. Gjeldande reguleringssplan er slik sett dels utdatert.</p>

	Viking Aqua 08.09.2023	Viking Aqua viser til at vegetasjonsskjerm og byggegrense på deira eigedom må omregulerast til industri, at grad av utnytting må justerast slik at det passar med VA sitt behov og at delområda også må tilpassast ny egedomsstruktur. Vidare at tilkomstveg i nord over demning på teiknast inn slik at plassering høve VA si tomt vert synleggjort.	Innspela vert tatt med i det vidare planarbeidet, for vurdering. Det er for tidleg å svare ut det som gjeld avgrensning av arealformål og vegrase per no.
	Nordanger, Bente G. 15.09.2023	<p>1. Vegen rundt Sande og til Ånneland bør opprustes for å kunne fungere som omkjøringsvei, ifall/når "nye veien" blir stengt (i tilfelle ammoniakk ulykke). Veien som den er nå, blir dårligere og dårligere, vil ikke være kjørbar med lave biler om få år. Brøyting er også vanskelig grunna djupe spor i vegbana.</p> <p>2. Varsling ved ammoniakk utslipps. For å gjøre oss i bygda litt tryggere, vil varsling med lyd være betryggende. På Mongstad er det et slikt varslingssystem, og de har øving med sirenene jevnlig.</p>	Når det gjeld omkjøringsveg så finns det eit meklingsresultatet i 2016, som seier at fv 5582 skal vere stengd for gjennomkjøring (ref. uttale frå Statsforvalteren). Innspelet vert elles tatt med i det vidare planarbeidet, for vurdering.

#### Uttaler frå høyringsinstansar

1	Museum Vest, 01.08.2023	Museet har ingen merknader til det planlagde arealinngrepet. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresagnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.	Tatt til følge.
2	Kystverket 08.08.2023.	<p>Kystverket viser til at dei har rett og plikt til å delta i planlegginga, etter pbl § 3-2 og at etablering av produksjons - anlegget fører til at planområdet og omsynssonane kjem ut i bileia «Fensfjorden-Sløvåg.»</p> <p>Konsekvens av tiltaket må vurderast opp mot sjøtransport og allmenn ferdsle på sjøen.</p>	<p>Konsekvens av tiltaket på sjøtransport og allmenn ferdsle vert utgreia og vurdert etter KU-forskrifta, som del av ROS-analyse etter pbl. § 4-3. Planprogrammet presiserer dette.</p> <p>Eventuell relevant input fra den kvantitative risikoanalysen som vert utarbeida i samband med søknad om samtykke frå DSB vert også lagt til grunn. Når det gjeld omsynssonane så er endleig omfang ikkje kjent per no, men planområdet tar høgd for ein relativt konservativ storleik.</p>
3	Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap 24.08.2023	<p><i>DSB er fagmynde med ansvar for brann- og eksplosjonslova og tilhøyrande forskrifter, og har motsegnsmynne i den samband. DSB viser til informasjon gitt i møte den 23.08.2023 og har følgjande merknadar:</i></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Dersom vurdert nødvendig, basert på underliggende risikovurdering, skal det oppretta arealmessige begrensningar jf. forskrift om håndtering av farlig stoff § 16 gjennom fastsetting av omsynssoner etter plan- og bygningslova (PBL).</li> <li>2. Bruk av DSB sine akseptkriterie for risiko til utarbeiding av eventuelle omsynssoner rundt anlegget føreset at den kvantitative risikovurderinga er i tråd med DSB sine retningslinjer.</li> <li>3. Behovet for eventuelle omsynssoner skal skildrast i planomtalen og angis på plankartet med tilhøyrande føresegner i reguleringssplan.</li> </ol>	<p>Alle merknadspunkt vert tatt til følge.</p> <p>Planprogrammet er oppdatert med omsyn til punkt 4.</p>

		<p>4. Planprogrammet må vise til at det kun er søknad om samtykke til bygging som skal på offentleg ettersyn, og ikke søknad om samtykke til drift.</p>	
4	Direktoratet for mineralforvaltning 25.08.2023.	<p><i>DMF er statens fagorgan og sektormyndighet for mineralressursar og mineralverksemd, og skal bidra til økt verdiskaping gjennom å legge til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. DMF forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova) og har som sektormyndighet eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter PBL.</i></p> <p><i>Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å unngå at viktige førekomstar blir gjort utilgjengeleg av arealbruk som hindrar framtidig utnytting. Innafor planområdet er pukkforekomst Skipavika med nasjonal verdi, som byggjeråstoff. Det er viktig at ressursen vert utnytta så optimalt som mogleg, både i volum og kvalitet.</i></p> <p>DMF har følgjande merknader:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Planendringa inkluderer areal som ikke inngår i gjeldande reguleringsplan eller er avsett i kommuneplanen sin arealdel. Dersom det skal drivast uttak av massar innafor det utvida arealet, er utvidinga stor nok til at det kan takast ut meir enn 2 millionar m<sup>3</sup> massar og det må vurderast om planen skal utgreia etter vedlegg I punkt 19, jf. forskrift om KU:</li> <li>2. Gjeldande reguleringsplan si konsekvensutgreiinga av mineral må tas med i planendringa si KU.</li> <li>3. Rår til at område i gjeldande plan og i endra plan der det skal drivast uttak blir regulert til arealformålet råstoffutvinning, og at det vert knytt til ei føresegen til arealformålet råstoffutvinning på følgjande/ tilsvarende måte: «Etter avslutta uttak og opprydding skal arealet settast i stand til næringsformål.»</li> <li>4. Reguleringsplanen skal ikke legge føringar for sjølve drifta, men reguleringsføresegna kan definere ytre grenser for uttaket, tidsavgrensing og etterbruk.</li> <li>5. Samla uttak på meir enn <b>10 000 m<sup>3</sup></b> masse krev konsesjon før drift kan startast jf. minerallova § 43. Søknad om konsesjon skal sendast til DMF. DMF viser til at dette ikke er fylgt opp i samband med uttak etter gjeldande reguleringsplan.</li> <li>6. Plandokumenta bør innehalde informasjon om geologiske strukturar som oppsprekkinggrad og ev. diskontinuitetar dersom relevant for utforming av uttaksområde.</li> <li>7. Plandokumenta bør gjere greie for at ressursgrunnlaget for uttaket er til stades ved å estimere totalt uttaksvolum, skildre antatt årleg uttak for å estimere levetid, ressursen sin kvalitet og kvalitetsvariasjonar, samt bruksområde og marknad på kort og lang sikt.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det skal ikke drivast uttak av massar i det utvida planområdet, berre innafor eksisterande planområdet og i all hovudsak i sørleg del av planområdet (som har næringsføremål i gildande kommuneplan). Det skal heller ikke gjennomførast tiltak i det utvida området. Det utvida arealet er tatt med for å sikre nok areal til omsynssoner, dvs. sikkerheitssonar rundt sjølve ammoniakkantlegget ref. uttale frå DSB (merknad nr. 3 over). Planendringa er med denne bakgrunn, og som gjort greie for i planprogrammet, ikke omfatta av vedlegg I punkt 19 i KU-forskrifta.</li> <li>2. Merknadspunktet vert tatt til fylgje. Gjeldande reguleringsplan si konsekvensutgreiing vil inngå som del av utgreivingsgrunnlaget for endring av reguleringsplanen.</li> <li>3. I og med at det aller meste av industriområdet er klargjort for næringsutbygging er det som utgangspunkt lite hensiktsmessig å regulere større område til arealformålet råstoffutvinning. Det er også relevant at planendringa i litra grad medfører nytt uttak. Anbefalinga frå DMF om arealformål, vil uavhengig bli vurdert i det vidare planarbeidet.</li> <li>4. Merknadspunktet vert tatt til etterretning.</li> <li>5. Merknadspunktet vert tatt til etterretning. Det som gjeld tiltak etter eksisterande reguleringsplan og utførte tiltak er som utgangspunkt ikke relevant for planendringa <i>per se</i>.</li> <li>6. Merknadspunktet vert tatt til etterretning. Geologisk rapport frå tidlegare konsekvensutgreiing inneheld slik informasjon, og vil fylge planendringa ref. pkt. 2 over.</li> <li>7. Det er uklart kva for omfang det er snakk om. Planendringa medfører berre eit mindre uttak utover det som allereie er avklara i, og tatt ut jamfor, gjeldande reguleringsplan. Dette uttaket vil bli skildra og vurdert, dels med bakgrunn i konsekvensutgreiinga tilhøyrande gjeldande reguleringsplan ref. pkt. 2. ovanfor.</li> </ol>

		<ul style="list-style-type: none"> <li>8. Føresegna må sette krav til at uttaksområdet alltid er forsvarleg sikra. Dersom naudsynt må det leggast opp til skjerming av sjølve uttaksområdet.</li> <li>9. Innsyn fra bustader og ferdsselsårer bør ein unngå der dette er mogleg. Ein vegetasjonsskjerm kan bidra til å redusere påverknad frå støy og stov, og i tillegg ha estetisk funksjon. Det skal ikkje skje uttak i område som er regulert til skjermingstiltak, dvs. at skjermingstiltak skal leggast ved sidan av uttaksområdet.</li> <li>10. Reguleringsplanen må sette av nok areal til sikrings- og skjermingstiltak og for tilsyn og vedlikehald av desse.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>8. Merknadspunktet vert imøtekomme.</li> <li>9. Merknadspunktet vert imøtekomme.</li> <li>10. Merknadspunktet vert imøtekomme.</li> </ul>
5	Avinor, 28.08.2023	Etablering av industriområde i Skipavika vil ikke ha noen negative påvirkninger på Avinor sine tekniske systemer, hverken på radionavigasjons-, kommunikasjons- eller overvåkningsanlegg. Vurderingene er gjort med henvisning til ICAO EUR DOC 015. Når det gjelder oppstilling og bruk av kraner, vises til følgende regelverk for rapportering, registrering og merking av luftfartshinder: <a href="https://luftfartstilsynet.no/aktorer/fysikkher/luftfartshinder-oppstilling-og-bruk-av-kraner/">https://luftfartstilsynet.no/aktorer/fysikkher/luftfartshinder-oppstilling-og-bruk-av-kraner/</a> .	Merknaden fra Avinor er tatt etterretning.
6	Statens vegvesen 31.08.2023	<p><i>SVV uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine eigne kulturminne, og som statleg fagmyndigkeit med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøomsyn. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vgar, gater og løysingar for gåande og syklande.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>1. SVV legg til grunn at verknadane planløysingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreidd og kjem tydeleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og konsekvensutgreiing.</li> <li>2. Utforming av offentleg veg, inkludert kryss og avkøyrslar skal vere i tråd med krava i vegnormalane, inkludert N100 Veg- og gateutforming. Val av løysingar for kryss mot offentleg veg må ta hogde for generell trafikkauke langs det offentlege vegnettet, eksisterande trafikk og den trafikken reguleringsplanen legg til rette for. <ul style="list-style-type: none"> <li>a) oppmodar til at også private internvegar vert planlagde etter vegnormalane.</li> <li>b) legg til grunn at reguleringsplanen vil innehalde rekkefølgjekrav som sikrar at løysingar for trafikktryggleik og tilkomst m.m., vert gjennomført i samband med den utbygginga planen legg til rette for.</li> <li>c) legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafikktryggleik og framkome på fylkesveg 5582 skjer i dialog med Vestland fylkeskommune.</li> <li>d) Dersom det vert planlagt for fråvik frå vegnormalane, legg vi til grunn at det kjem klart fram av planomtalen, og at fråviksøknader er avklart med rette styresmakt før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.</li> </ul> </li> </ul>	Uttalen fra Statens vegvesen vert tatt til etterretning.  Gulen kommune har informert om at vegen frå Sverdhola til Skipavika, vest i planområdet, skal innarbeidast i plankartet slik den er opparbeid. Dette er også i tråd med merknaden fra Vestland fylkeskommune, som vert lagt til grunn for planarbeidet. Sjå merknad nr. 8.

		Plankart bør vise målsette byggegrenser, siktlinjer/siktsoner. Desse må også vere forankra i føresegner.	
7	Statsforvaltaren 06.09.2023	<p>1. Viser til at deler av området ikke er i samsvar med overordna plan, at reguleringsplanen er venta å få vesentlege verknadar for miljø og samfunn og at dette arealet må utgreiast jf. dei reglane som ligg til plan- og bygningslova og forskrift om konsekvensutgreiing.</p> <p>2. Viser til at opplysning i meldingsbrevet er i strid med meklingsresultatet i 2016, som seier at fv 5582 skal vere stengd for gjennomkjøring og at dette vert endra.</p> <p>3. Omsynssonene bør leggast inn uavhengig av industriområdet slik at vegen definerer plangrensa for industriområdet, dersom mogleg. Utvida planområde kan ikke inkluderer arealet vest for industriområdet.</p> <p>4. Stiller spørsmål ved at «planarbeidet ikke utløyser plikt for konsekvensutgreiing utover temaet «foreining – luft, vatn, grunn og støy» og at tiltaket ikke får <b>direkte</b> konsekvensar for naturverdiar (ref. planprogrammet).»</p> <p>5. Viser til at tiltaket har verknadar både praktisk, visuelt og risikomessig langt utover sjølvé arealbeslaget under tiltaket og vil klart kunne få vesentlege merknadar for miljø og samfunn, og at eit stort ammoniakkutslepp vil kunne nå inntil 10 000 meter og omfatte innseglingsa av Fensfjorden, industriområda Mongstad og Sløvåg, fleire bygder og lokalsamfunn.</p> <p>6. Viser til at utgreiingane til gjeldande plan ikke tek utgangspunkt i planlagt arealbruk, og at KU til planarbeidet må legge avgjerdssrelevant kunnskap og informasjon slik at det vert mogleg å ta stilling til om planen kan gjennomførast, og eventuelt på kva vilkår. Det må gjerast ei ny vurdering av i kva grad planarbeidet utløyser KU-plikt for tema: beredskap og ulukkesrisiko, folkehelse, naturmangfold, kulturlandskap og landskap (nær og fjernverknad).</p> <p>a) Ny oppdatert kunnskap skal leggast til grunn for konsekvensutgreiinga og planarbeidet, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 17.</p> <p>b) Verknaden for nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål må gjerast greie for, jf. KU-forskrifta § 21.</p> <p>c) Usikkerheit og kunnskapsmanglar som kan påverke samanstillinga av informasjonen skal gjerast greie for, jf. KU-forskrifta § 22.</p> <p>d) Samfunnsnytten av prosjektet må synleggjera i avgjerdsgrunnlaget. Det må skildrast kva tiltak som er planlagt for «å unngå, begrense, istandsette</p>	<p>1. Det er uklart kva Statsforvaltaren meiner med dette punktet og kva for område Statsforvaltaren viser til, ref. punkt a – c under;</p> <p>a) Nordleg del av tiltaksområde er ikke i tråd med gjeldande kommuneplan, <b>men er regulert og avklart</b> i gjeldande reguleringsplan for Skipavika Næringspark.</p> <p>b) Tiltaksområdet som heilheit, dvs. gjeldande reguleringsplan sitt planområde, er i tråd med arealbruk i forslag til ny kommuneplan, som er under regulerig.</p> <p>c) Eventuelt areal som inngår i omsynssonene rundt ammoniakkantlegget utanfor tiltaksområdet / utanfor gjeldande reguleringsplan, vil ikke få endra reguleringsformål.</p> <p>2. Meldinga, dvs. følgebrevet opplyser om at planområdet har tilkomst <b>frå</b> Sandevegen (fv. 5582), som er korrekt ref. utklipt (grøn sirkel). <b>Planprogrammet</b> gjer derimot greie for at tilkomstvegen til planområdet er <b>via</b> «ny» veg mellom Sverdhola og Skipavika. Ny veg skal omklassifiserast til fylkesveg. Denne prosessen er satt i gang, men ikke endeleg.</p>  <p>3. Merknad om plangrense kan imøtekommast på følgjande vis, ref. under. Planprogrammet legg til grunn a) under:</p> <p>a) Planområdet/plangrensa går vest for vegen dersom nødvendig, men arealformålet utanfor gjeldande reguleringsgrense / tiltaksområde vert vidareført i tråd med overordna plan (KPA) med unntak for vegen mellom Skipavika og Sverdhola.</p> <p>b) Det er mogleg å legge omsynsona utanfor plangrensa dersom Gulen kommunen tillåt det (og sosi-kontrollen godkjenner at omsynssonene går utanfor RpGrense (juridisk plangrense)).</p> <p>Kva som er mest hensiktsmessig vert vurdert i den vidare prosessen.</p> <p>4. Vi finn ikke at planprogrammet avgrensar konsekvensutgreiinga til temaet «foreining» og stiller spørsmål til dette merknadspunktet. Vidare meiner vi at det er korrekt at tiltaket ikke får direkte konsekvensar for naturverdiar då det ikke er planlagt nye, fysiske</p>

		<p>og hvis mulig kompensere for vesentlige skadevirkninger for miljø og samfunn både i bygge- og driftsfasen» jf. KU-forskrifta § 23.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>7. Kommunen må ta aktivt stilling til om det er ønskjeleg med eit slikt anlegg i området, og til om kommunen vil akseptere potensiell risiko opp mot innbyggjarane og omkringliggjande verdiar og interesser.</li> <li>8. Det må gjerast alternative vurderingar og vurderingar kring eventuelle avbøtande tiltak.</li> <li>9. ROS-analysen må avklare om arealet er eigna til planlagt føremål. Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal som hovudregel merkast med omsynssone på plankartet, og krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføreseggnene. Minner om at verksemdebaseret risiko / sårbarhet og viljestyrte hendingar og må vurderast som del av ROS-analysen. ROS-analysen må ta høgde for mogelege domino/kaskadoeffektar. Til dette ligg også ei vurdering av viljestyrte hendingar(terror/sabotasje).</li> <li>10. Tiltaket er underlagt reglane i storulykkeforskrifta. Sjølv om DSB ev. gjev samtykke til etablering, så er det kommunen som er arealplanmyndighet og som må gjøre naudsynte vurderingar og tiltak knytt til arealmessige avgrensingar rundt eit slikt anlegg / industriområde. Ved ei eventuell større uønskt hending som involverer ammoniakk kan det vere behov for å opprette store sikkerheitsavstandar på opp til 10000 meter, ref. <a href="http://www.farliggodspermen.no">www.farliggodspermen.no</a>.</li> <li>11. Kommunen må gjøre grundige vurderingar av om arealet er eigna til føremålet, også i eit tryggleiksperspektiv samt ta aktivt stilling til spørsmålet om kva som er akseptabel risiko og vere medviten på kva følgjekonsekvensar ei slik etablering vil kunne medføre for krav til kommunens eigen beredskap (brann, helse osb.).</li> <li>12. Kompetanse og forsikringsdekning skal dokumenterast som del av ROS-analysen. Berre føretak med naudsynt (spiss-)kompetanse på respektive utgreiingstema (t.d. skred, flaum, brann, eksplosjon, gass, osb.) kan utføre ROS-analyse, ref. NVE sine krav til utførande <a href="https://veileder-skredfareutredning-brattereng">https://veileder-skredfareutredning-brattereng</a>. Tilsvarande kompetanse krav bør ligge til grunn også for andre analysetema dersom det ikkje ligg føre andre og strengare krav knytt til dei einskilde utgreiingstema.Utførande føretak må ha forsikring(ar) som dekkjer eventuelt erstatningsansvar som følge av feil/manglar med den utførte risikovurderinga.</li> <li>13. Ansvarleg instans må ta stilling til kva som er akseptabel risiko, ref. ansvarsprinsippet (dvs. at den som har ansvar i normalsituasjon har ansvar i ekstraordinær situasjon).</li> <li>14. Kommunen må sikre at ein gjennom føresegna har kontroll med risiko og sårbarheit i eller rundt planområdet også framtida, t.d. ved framtidige endringar i risikobilete som følge av endringar i planområdet som t.d. nye</li> </ol>	<p>tiltak utanfor gjeldande reguleringsplan, dvs. utanfor gjeldande RPPgrense (juridisk plangrense). Direkte konsekvensar viser i denne samanheng til terrenginngrep.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>5. Praktiske, visuelle og risikomesseige verknadar skal vurderast vidare i planarbeidet etter dei krav som føl av plan- og bygningslova, og der det er relevant også etter KU-forskrifta. Når det gjeld kommentar om sikkerheitsavstand på 10 000 m så er dette kommentert under pkt. 10.</li> <li>6. Planprogrammet tar høgd for at det må gjerast nye vurderingar med bakgrunn i ammoniakkantlegget der dette er relevant. Planprogrammet er vidare tydeleg på at temaet «Beredskap og ulykkesrisiko» skal konsekvensutgreiast jamfør pbl. § 4.3, dvs. som ROS-analyse, men også jf. M-1941 for relevante tema. Sjå planprogrammet tabell 5. <ul style="list-style-type: none"> <li>a) Ja. Planprogrammet er oppdatert med ein setning som viser til § 17, for orden skyld.</li> <li>b) Verknad av nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål vert vurdert under relevante tema.</li> <li>c) Usikkerheit og kunnskapsmanglar relevant for samanstilling av konsekvensar vil bli gjort greie jf. KU-forskrifta § 22. Dette er presisert i revidert planprogram, for orden skyld.</li> <li>d) Prosjektet si samfunnsnytta skal vurderast i KU, jf. § 23. Dette er presisert i revidert planprogram, for orden skyld. I denne samanhengen er det også vesentleg at industriområdet allereie er under etablering og dels i drift jamfør gjeldande planrammer.</li> </ul> </li> <li>7. Potensiell risiko vil bli belyst som del av planarbeidet, til info. Merknadspunktet er stila til Gulen kommune.</li> <li>8. Forslagsstiller har gjennomført ei alternativ vurdering mht. geografisk lokasjon. Denne vil bli gjort greie for i planomtalen. Når det gjeld konsekvensvurderinga så er det 2 alternativ; 1) planendring utan ammoniakkantlegg og dermed utan konsekvensutgreiing, eller 2) planendring med ammoniakkantlegg og dermed med konsekvensutredning etter forskrifta.</li> <li>9. ROS-analysen vil bli utarbeida etter pbl § 4.3 og som også vil ta føre seg kaskadoeffektar og viljestyrte hendingar. Dette er presisert i revidert planprogram, for orden skyld. Eventuelle funn vil bli fylgt opp i plankart og føresegner.</li> <li>10. Det som gjeld sikkerheitsavstandar, risikobilete og avbøtande vil bli vurdert og identifisert som del av både planarbeidet og prosjekteringsarbeidet. I nærområdet finns det god kunnskap og erfaring mht. sikkerheitsavstandar i beredskapsituasjon, for tilsvarande anlegg. Det er som utgangspunkt DSB som definerer kriteria for vurdering og avgrensing av sikkerheits- og faresoner, og vi stiller spørsmål til at 10 0000 m er eit kriterium i så måte. Temaet vil</li> </ol>
--	--	---	--

		<p>bygg og anlegg, nye verksemder/aktivitetar osb. Det er viktig å vurdere samla risiko i området.</p> <p>15. Skipavika står på kandidatlista til frivillig vern, og planarbeidet må gjøre greie for korleis produksjon av ammoniakk vil kunne kombinerast med skjøtsel av lyng (lyngbrenning). Verknadane av endra arealbruk må konsekvensutgreiast og det må vurderast om arealbruken vil legge føringar på vidare utvikling (jf. sikringssoner) og ev. presse anna industri inn i lyngheia mot nord i framtida.</p> <p>16. Konsekvensutgreiingsarbeidet må hente inn oppdatert kunnskap kring verknadar for naturmangfald.</p> <p>17. Massehandtering skal vurderast i tråd med ressurspyramiden, der deponi er siste utveg. Det må gå fram av dokumenta om planen fører til masseoverskot / masseunderskot, og om det er vurdert plangrep som balanserer dette. Det er ikkje tilstrekkeleg om planen legg føringar for at massehandteringen skal avklarast som del av framtidige driftsplana, massehandteringsplanar, situasjonsplanar eller ved bygesak.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>a) Reduksjon av transport/transportavstandar må vere eit tema.</li> <li>b) KU/ROS bør være tilstrekkeleg opplyst kring temaet massehandtering.</li> <li>c) Ved utfylling i sjø må det gjerast greie for kva type massar som skal nyttast, kor mykje ein vurderer å fylle og moglege avbøtande tiltak.</li> <li>d) Det bør òg synleggjera korleis planframleggget held seg til anna lovverk (til dømes forureiningslova, forureiningsforskrifta, naturmangfaldlova).</li> <li>e) Dumping av massar i sjø krev loyve frå Statsforvalteren.</li> <li>f) Dersom det er aktuelt med stor omdisponering av massar internt, eller mottak/mellomlagring/lokal tilarbeiding/ bortkøyring av massar, bør det utarbeidast ein massehandteringsplan.</li> </ul> <p>18. Oppmodar til at det vert henta inn synspunkt frå ungdomsråd, eldreråd og råd for personar med funksjonsnedsetjing, og at barn og unge sin representant i Gulen kommune blir gjort kjent med planarbeidet.</p> <p>19. Anmodar om at planprogrammet vert tatt opp til drøfting i regionalt planforum før fastsettjing, jf. plan- og bygningslova § 5-3. Syner til «rettleiar om konsekvensutgreiingar for planar etter plan- og bygningslova, 2021» s 18.</p> <p>20. Legg til grunn at merknadane vert følgt opp i det vidare arbeidet, og stiller seg positive til vidare dialog.</p>	<p>uavhengig av kriterium bli belyst jamfør gjelende dokumentasjonskrav.</p> <p>11. Merknadspunktet er retta til Gulen kommune.</p> <p>12. ROS-analysen og anna utredningsarbeid vert utarbeida av rett kompetanse, og at nødvendig forsikringsdekning vil bli dokumentert. Dette er presistert i revidert planprogram, for orden skyld.</p> <p>13. Tatt til etterretning. Ansvarleg instans vil ha ei medverkande rolle mht. akseptabel risiko.</p> <p>14. Merknadspunktet er adressert til Gulen kommune. Det som gjeld samla risiko er kommentert tidlegare, og inngår i ROS-analyse-metodikken.</p> <p>15. Merknad om frivillig vern av naturtypen kystlynghei vest for industriområdet blir vurdert dersom aktuelt. Det føreligg ingen planar om å utvide industriområdet vidare nord og inn i kystlyngheia.</p> <p>16. For å sikre ei aktuell og oppdatert vurdering av naturmangfald i samband med planendringa så er det presistert i revidert planprogram at temaet naturmangfald skal utgreiast etter metodikk i M-1941. Merknadspunktet frå Statsforvaltaren er imøtekomme.</p> <p>17. Massehandtering inkludert transport av massar er eit plantema som vil bli skildra og vurdert i planomtalen og i ROS-analyse, som utgangspunkt. Ressurspyramiden vert lagt til grunn for vurderingane. Massehandtering utover gjeldande plan vert relativt begrensa. Mineralressurs er vurdert i samband med gjeldande plan. Pkt. a- f er tatt til orientering.</p> <p>18. Tatt til etterretning.</p> <p>19. Tatt til etterretning.</p> <p>20. Tatt til etterretning.</p>
8	Vestland fylkeskommune 08.09.2023	<p>Vestland fylkeskommune viser til at føremålet i hovudsak er i samsvar med kommuneplan der området er sett av til næring, og at gjeldande kommuneplan ikkje legg restriksjonar på arealbruk i næringsområdet (sosikode 1300) i Skipavika. Viser til at planendringa ikkje vil få vesentleg påverknad på fylkesvegnettet.</p>	<p>Fylkeskommunen har rett oppfatning av overordna planrammer og bakgrunn for foreslått planendring.</p> <p>Informasjon om omklassifiseringssaka vert tatt til etterretning.</p>

	<p>Infrastruktur og veg hos fylkeskommunen er eigar av gbnr. 79/52, og driftar vegen som skal omklassifiserast til fylkesveg. Omklassifiseringssaka vil ikkje ha noko påverknad på reguleringsendringa.</p> <p>Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på vidareføring av eksisterande veg og avkøyrsle med tilhøyrande målsatte siktsonar, og at det gjerast ein korrigert plassering i plankart på den eine avkøyrsla. Fylkeskommunen legg til grunn av eksisterande veginfrastruktur vert vidareført utan endringar og at fylkesvegen enten hamnar i midtre eller ytre omsynssone.</p>	<p>Merknad om vidareføring av eksisterande veg og trong for korrigert plassering av den eine avkøyrsla i plankartet vert imøtekomme. Vidare utredningsarbeid vil avklare kva for omsynssone vegen vil omfattast av.</p>
--	--	---